

Innleiing

Rådet For Funksjonshemma i Vestnes har visjon om ei godt universelt utforma kommune innan 2025.

Lov om råd i kommunene for mennesker med nedsatt funksjonsevne vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad fra 01.01.2008. Etter denne lova skal kommuner og fylkeskommuner ha et råd eller annen representantsordning for mennesker med nedsatt funksjonsevne.

Etter kommuneloven § 5-12 skal alle kommunar og fylkeskommunar opprette råd for personar med funksjonsnedsetting. Råd for personar med funksjonsnedsetting er rådgjevande medverknadsorgan i kommunar og fylkeskommunar. Forskrift om medvirkningsordninger har som føremål å sikre brei, open og tilgjengeleg medverknad frå mellom anna personar med funksjonsnedsetting gjennom rådet for personar med funksjonsnedsetting.


Heretter omtales Rådet For Funksjonshemma som RFF.

RFF skal sørge for brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som har særleg betydning for menneskjer med nedsett funksjonsevne. Vi har satt oss som mål at menneskjer med funksjonshemming blir ivaretekne gjennom integrering, inkludering, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneskjer med nedsett funksjonsevne.

GAP- modellen.

Politiske dokumenter i dag definerer funksjonshemming som eit gap mellom personens forutsetning og dei samfunnsmessige krava som til dømes fysiske og sosiale omgjevningar. Funksjonshemminga oppstår som eit gap mellom personlege forutsetningar og samfunnets krav til fungering (Askheim 2003). RFF arbeidar med å minske fysiske barrierar i lokalsamfunnet Vestnes, slik at det kan sikrast ein arena for deltaking for alle.

Personens forutsetningar




Funksjonshemming oppstår gjennom samfunnsskapte barrierar.

Samfunnets krav til fungering

Rådsmedlemmane 2019-2023

| Namn | Reprenterer | Betegnelse |
|--------------------|-----------------------|------------|
| Nina Kvernmo | Brukarorganisasjonar | Leiar |
| Jon Kåre Osdal | Politisk representant | Nestleiar |
| Gunn Anita Valldal | Brukarorganisasjonar | Medlem |
| John Bruseth | Brukarorganisasjonar | Medlem |
| Arne Kåre Tennebø | Brukarorganisasjonar | Medlem |
| Julie Slenes Leine | Politisk representant | Varamedlem |
| Øyvind Granberg | Brukarorganisasjonar | Varamedlem |
| Heidi Landbakk | Brukarorganisasjonar | Varamedlem |

Arbeidet i 2020



RFF i Vestnes hadde 6 møter, der fleire av møta var saman med Eldrerådet, i alle møte har det vore orientert om Stella Maris og eitt der Budsjett 2021 blei presentert.

Utdeling av Årets Ros 2020 for Universell utforming.

Det kom inn 3 forslag på kandidatar til Årets Ros, men ingen samsvarte med intensjonen med utlysinga; Universell utforming. Det vart derfor ikkje delt ut pris i 2020.

Rådet for funksjonshemma gjorde endring i vedtektene og deler ut prisen annakvart år.

Prisen vil bli utlyst på nytt i 2022. Rådet vil vurdere kriteria og namnet på prisen i løpet av 2021.

Universell utforming – Medvirke i plansaker.

Dette gir rådet moglegheit for å kome med innspel i kommunal planlegging som er særleg viktig for menneskjer med nedsett funksjonsevne. Rådet er orientert i større plan- og byggjesaker, og kjem med råd og innspel.

Rådet for funksjonshemma er glade for initiativet for å sette i stand ein tursti/gangsti mellom Tresfjord kyrkje og Fagervik Camping. Rådet vil understreke at dei ønskjer å være deltakande i prosjektet, samt vurdere kva moglegheiter som finnes for å tilrettelegge heile strekninga for funksjonsnedsette. Til dømes i første omgang fartsreduksjon forbi naustrekka i Tresfjord før ein ser på andre moglegheiter ilag med fylkeskommunen/Vegvesenet.

Kurs og opplæring

Delar av rådet deltok på politikaropplæring i Valldalen. Rådet deltok og på brukarkonferanse i Ålesund 24. og 25. februar 2020.

Kva har vi arbeidd med i 2020?

Det har blitt gjennomført 1 synfaring på Stella Maris i 2020.

Rådet skal fungere som brukargruppe for NAV Vestnes, men p.g.a skifte av leiar der har møtet blitt utsett 2 gonger.

Rådet har bedd kommunen gjennomgå Handheving og skilting av handicap-plassar for rørslehemma. Rådet er spesielt glade for den nye handicap-plassen utanfor formannskapssalen.

Rådet har behandla økonomiplan i kommunen.

Rådet behandlar også innspel frå bebuarar i Vestnes og saker tatt opp av rådsmedlemmar.

Stella Maris

Rådet har i lag med eldrerådet fått god og grundig orientering under arbeidet og om korleis organisasjonsutviklinga skal bli etter innflytting.

Vestnes kommune bør arbeide for å bli «livsglededekommune» med forankring og utgangspunkt i Helsehuset Stella Maris som «livsgledeheim».

Funksjonshemmarådet ønskjer at kommunen skal ha fokus på korttids plassar, rehabilitering og avlastning for at vi skal nå målet om at innbyggjarane skal kunne få bu lengst mogeleg i eigen heim.

Funksjonshemmarådet ønskjer også at det i endå sterkare grad skal vere fokus på behova til yngre funksjonshemma i kommunen.

Rådet ber om at det blir arbeidd med ulike formar for bustadar/omsorgsbustadar/bufellesskap i kommunen. Rådet ønskjer at kommunen (Frivilligsentralen) vurderer eit servicesenter for praktiske heimetjenester der ein kan bestille og være sikra levering.

Rådet vil saman med eldrerådet og administrasjonen arbeide mot ein felles temadag for velferdsteknologi og reforma «Leve heile livet»